



INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2017 FOR FJORDVEGEN RUTE 13

TIL MEDLEMMENE I FJORDVEGEN RUTE 13 ÅRSMØTET VERT HALDE:

Dato: 28.03.2017

Tid: 09.00 – 10.00

Stad: Scandic Stavanger Forus Hotel,
Stavanger

Agenda:

Kl. 09.00 - 10.00	Årsmøte i Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13
Kl. 10.30 - 12.30	Årskonferanse
Kl. 12.30 - 13.30	Lunsj
Kl. 13.30 - 16.10	Årskonferansen held fram

Til handsaming:

- Årsmøtesak 01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Årsmøtesak 02/17 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen
- Årsmøtesak 03/17 Årsmelding med revidert rekneskap for 2016
- Årsmøtesak 04/17 Fastsetjing av kontingent 2018
- Årsmøtesak 05/17 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2018-2020
- Årsmøtesak 06/17 Val av styremedlemmer for 2 år 2017/19
- Val av leiar og nestleiar
- Val av valnemnd

Årsmøtesak 07/17 Innkomne saker

Saker medlemmene ønskjer opp på Årsmøtet må vera styret i hende innan 21.03.2017.

Påmelding til Årsmøtet: Hardangerrådet iks v/Trude innan 21.03.2017
til post@hardangerradet.no Hugs å ta med fullmakt til Årsmøtet.

Årsmøtedeltakarane må sjølve tinga eventuell overnatting på hotellet:
meeting.stavangerforus@scandichotels.com evt. tlf. 21 61 48 52 (Mie Petersen) innan 14.
mars. Merk bestillinga BIS270317.

Kinsarvik 10.02.2017

Med beste helsing Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø/s
Styreleiar

Jostein Eitrheim
dagleg leiar

Kopi: Styre-/varamedlemer i Fjordvegen Rute 13



Saksutgreiing til Årsmøtet 28.03.2016

Saksutgreiing frå dagleg leiar og framlegg til vedtak frå styret.

- Vedlegg:**
1. Årsmelding 2016
 2. Rekneskap 2016
 3. Revisormelding 2016
 4. Strategi- og Handlingsplan 2018-2020
 5. Langtidsbudsjett 2018-2020
 6. Gjeldande vedtekter godkjende 06.06.2013

Sakliste:

- Årsmøtesak 01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**
Årsmøtesak 02/17 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen
Årsmøtesak 03/17 Årsmelding med revidert rekneskap for 2016
Årsmøtesak 04/17 Fastsetjing av kontingent 2018
Årsmøtesak 05/17 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2018-2020
Årsmøtesak 06/17 Val av styremedlemmer for 2 år 2017/2019
Val av leiar og nestleiar
Val av valnemnd
Årsmøtesak 07/17 Innkomne saker

Årsmøtesak 01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling skal skje med 2 vekers varsel. Innkalling med sakliste til møte med saksutgreiing og vedlegg er sendt 10.03.2017. Saklista er i tråd med § 5 i gjeldande vedtekter. Styret sine tilrådingar er gjort i styremøte 10.03.2017.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Årsmøtesak 02/17 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen
Framlegg på årsmøtet.

Årsmøtesak 03/17 Årsmelding 2016 med revidert rekneskap for 2016

Styregodkjent signert Årsmelding og Rekneskap med Revisormelding for 2016 er vedlagt elektronisk. Budsjettet 2017 for Fjordvegen Rute 13 er delegert til Styret.

Framlegg til vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding for Fjordvegen Rute 13 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap for Fjordvegen Rute 13 2016 vert godkjent slik det føre. Underskotet 2016, stort 176.993 kr vert dekket av eigenkapitalen.

Årsmøtesak 04/17 Fastsetjing av kontingent 2018

Styret tilrår slik endring i kontingenten for Fjordvegen Rute 13 frå 2017 til 2018

Framlegg til vedtak:

Kontingent 2018 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 35.000
Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 10.000
Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 5.000

Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Fylkeskommunar	kr 85.000

Årsmøtesak 05/17 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2018-2020

I tråd med Vedtekter § 5 skal Årsmøtet vedta treårig handlingsplan og langtidsbudsjett med rullering for kvart år. Styret legg dei konkrete tiltaksplanane for profilering og for påverknad denne til grunn for arbeidet.

Framlegg til vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Handlingsplan 2018-2020 vert vedteken slik han ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.
2. Framlegg til Langtidsbudsjett vert 2018-2020 vert vedteken slik det ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.

Årsmøtesak 06/17 a) Val av styremedlemmer for 2 år 2017/2019 b) Val av leiar og nestleiar. c) Val av valnemnd

a) Val av styremedlemmer for 2 år 2017/2019.

Etter vedtektene skal det vera eit styre på 8 medlemar. Dei 3 fylkesoppnemnde sit 4 år i tråd med Fylkestinget sin valperiode. Årsmøtevalde sit for 2 år om gongen med utskifting av 3 og 2 medlemmer annakvart år.

Styret i 2016:

2016/2018 (på val 2018):

Gerd Helen Bø, Suldal kommune -Styreleiar
Morten Midlang, Vik kommune

2016/2017 (på val 2017):

John Opdal, Odda -Styrenestleiar
Bjørn Laugaland, Hjelmeland kommune
Sigbjørn Hauge, Voss kommune

2015/16 Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge, Ullensvang herad
3. Harald Offerdal, Balestrand kommune

Fylkesoppnemnde 2015-2019:

Arne Bergsvåg Rogaland fylkesk.	varamedlem: Svanhild Løge Skålheim
Marthe Hammer Hordaland Fylkesk.	varamedlem: Gard Folkvord
Anders Ryssdal S&F Fylkesk.	varamedlem: Laila Rinde

Valnemnd 2017 : Marta Finden Halset (leiar), Hans Erik Ringkjøb, Torkel Myklebust.

Framlegg frå valnemnda på møtet.

b) Val av leiar og nestleiar 2017/2018:

Desse skal veljast kvart år

Framlegg frå valnemnda på møtet.

c) Val av Valnemnd.

Det er vanleg med utskifting av eitt medlem kvart år for å få både kontinuitet og nye vurderingar.

Framlegg frå styret på møtet.

Årsmøtesak 07/17 Innkomne saker

Vedtektene seier: Årsmøtet skal handsama «Andre saker som er innsende av medlemmer innan 4 veker før årsmøtet og handsama av styret».

Melding til medlemmene om saker dei ønskjer å ta opp på Årsmøte vart sendt saman med innkalling til Årsmøtet.

Jostein Eitrheim

Dagleg leiar/sakshandsamar



ÅRSMELDING 2016

Generelt.

Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fjordvegen Rute 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv /turisme og innbyggjarar.

Fjordvegen Rute 13 har Riksvegstatus på strekninga Sandnes-Røldal – Røldal/Jøsandal (saman med E 134) - Jøsandal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (tilslutta med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde.

Fv 13 /Rv 13 har turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde - Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal-Forsand.

Nye vedtekter godkjende på Årsmøtet 2013

Nye vedtekter for eit revitalisert Fjordvegen Rute 13 vart lagt fram av styret og vedteke på Årsmøtet 06.06.2013. Her er fokus på vegbygging med slikt føremål:

1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord.

Styret 2016:

Styret har 8 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 3 valde frå Fylkeskommunane for ein 4-årig valbolk. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og gje uttalar på vegne av organisasjonen.

Styret har i 2016 halde 5 styremøte og handsama 45 saker i tillegg til Årsmøtet 2016 som vart halde på Myrkdalen Hotel, Vossestrand den 14.04.2016.

Styret i 2016:

2016/2018 (på val 2018):

Gerd Helen Bø, Suldal kommune -Styrelieiar

Morten Midlang, Vik kommune

2016/2017 (på val 2017):

John Opdal, Odda -Styrenestleiar

Bjørn Laugaland, Hjelmeland kommune

Sigbjørn Hauge, Voss kommune

2015/16 Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge, Ullensvang herad
3. Harald Offerdal, Balestrand kommune

2015/2019 Fylkesvalde med personleg varamedlem:

Arne Bergsvåg, Rogaland Fylkesk

varamedlem: Svanhild Løge Skålheim

Marthe Hammer, Hordaland Fylkesk

varamedlem: Gard Folkvord

Arnstein Menes, Sogn og Fjordane Fylkesk

varamedlem: Harald Bjarte Reite

Valnemnd 2016 : Marta Finden Halset (leiar), Hans Erik Ringkjøb, Torkel Myklebust.

Administrasjon.

Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet IKS. Dagleg leiar i Hardangerrådet iks Jostein Eitrheim, er også dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 og er saman med konsulent Trude L. Rinaldo sekretariat for selskapet.

Konsulent (Profileringsmedarbeidar) Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet frå 01.10.2013 -30.09.2017 med oppgåve å profilera Fjordvegen Rute 13.

Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore revisor for selskapet i 2016.

Medlemskap

Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala etter kategori.

I året 2016 har selskapet 13 kommunar, 2 regionråd, 4 næringsforeningar, 3 fylkeskommunar og 7 verksemder som medlemar (pr 31.12.):

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068 STAVANGER
Sandnes Kommune	Postboks 583	4305 SANDNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
Sauda kommune	Postboks 44	4201 SAUDA
Strand kommune	Rådhusgt.	4100 JØRPELAND
Hjelmeland kommune		4130 HJELMELAND
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Odda kommune	Oppheimsgt.31	5750 ODDA
Eidfjord kommune	Simadalsv. 1	5783 EIDFJORD
Ullensvang herad		5780 KINSARVIK
Voss kommune	PB 145	5701 VOSS
Balestrand kommune	Rådhuset	6899 BALESTRAND
Vik kommune	PB 134	6891 VIK I SOGN
Sogn og Fjordane fylkeskommune		6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 299	4002 STAVANGER
Hardangerrådet iks	PB 78	5782 KINSARVIK
Ryfylke iks		4130 HJELMELAND
Næringsforeningen i Stavanger-regionen	Pb 182	4001 STAVANGER
Vik Næringsssamskipnad		6893 VIK i Sogn
Ullensvang Næringsforum	Pb 73	5782 KINSARVIK
Stiftelsen Preikestolen	PB 199	4126 JØRPELAND
Hardangerbrua		5781 LOFTHUS
Følgefontunnelen A/S		5470 ROSENDAL
Felleskjøpet Rogaland Agder	Pb 208	4001 STAVANGER
Myrkdalen Fjellandsby		5713 VOSSESTRAND
Marine Harvest Region Sør		4130 HJELMELAND
Hotel Ullensvang		5781 LOFTHUS
Blix hotell	Sentrumsgata 44	6891 VIK I SOGN
Spa-hotell Velvære	Vågavegen 44	4130 HJELEMLAND
Suldal Næringsforening		4230 SAND

Kontingent 2017 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 35.000
Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 10.000
Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Fylkeskommunar	kr 70.000

Kort om arbeid i selskapet i 2016.

Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre har Fjordvegen påverka for å få finansiert og igangsett prosjekt langs Rv 13.

Prosjekt Brattlandsdalen

Fjordvegen Rute13 initierte i 2015 «Prosjekt Brattlanddalen» med slikt prosjekt mål: Dette prosjektet skal gje grunnlag for å oppdatere planarbeidet og konkretisera tiltak for sikker veg med gul stripe slik at strekninga kjem inn på NTP 2018-2027

Etter avtale mellom Fjordvegen Rute 13 og Ryfylke IKS overtok Ryfylke IKS rolla som prosjekteigar og prosjektet vart gjennomført med konsulentinnleige frå Asplan-Viak og Skred AS. Sluttrapportar vart leverte hausten 2016 og det vart arrangert eit ope møte om rapportane på Nesflaten 26. oktober 2016.

Odda kommune, Suldal kommune og Fjordvegen Rute 13 har vedteke uttale vedr. tiltak på Rv 13 i Brattlandsdalen.

NTP 2018 -2029

Fjordvegen Rute 13 har i samband med høyring til NTP gjort einstemmig vedtak om prioriterte tiltak for Rv13 gjennom alle 3 fylka: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Denne lista er:

- A. Svært viktige vegprosjekt med stor samfunnsnytte:**
 - 1. Rv 13 Vikafjellstunnelen Hordaland/Sogn og Fjordane

- B. Sikra sær s rasutsette vegparsellar:**
 - 1. Rv 13 Lovraeidet – Rødsliane Rogaland
 - 2. Rv 13 Øvre Lonevatn og Brattlandsdalen Hordaland
 - 3. Rv 13 Odda – Tyssedal Hordaland

- C. Trafikksikringstiltak:**
 - 1. Rv 13 Kinsarvik – Bu Hordaland

- D. Sikra øvrige rasutsette vegparsellar**
 - 1. Rv 13 Melkeråna – Årdal (lang tunnel) Rogaland
 - 2. Rv 13 Kvasssdalen Hordaland
 - 3. Rv 13 Oddadalen Hordaland
 - 4. Rv 13 Lovra – Lovraeidet Rogaland

Handlingsplan 2017-2019 – oppfølging:

Årsmøtet 2016 godkjende revidert Handlingsplan.

Nokre tema har vore særskilt jobba med i 2016:

Profileringsarbeidet 2016:

Konsulent Hanne Sundbø har sidan oppstart av profileringsprosjekt i 2013 vidareført innsatsen hovudsakleg med profilering, presentasjonar og selskapet sine egne konferansearrangement.

Medlemsskrivet **Fjordvegdrøsen** fortel om det som skjer rundt Rv/Fv 13 i media og frå vegselskapet og medlemmane. Drøsen er frå 2016 i ny drakt basert på profesjonell epostverktøy som og blir nytta til pressemeldingar og konferanseinvitasjonar.

Vidareutvikling av heimesida **www.fjordvegen.no** pågår med nærings-medlemmer presentert samt Facebook-profil oppdatert kvar veke. Brosjyren «Det skal bli gult og kult» fungerer godt ut 2016, ny utgåve er under arbeid for utgjeving i 2017.

Årskonferansen sirkulerer mellom regionane. Det er ambisjon om at årskonferansen skal vera eit av dei viktigaste fundamenta for selskapet sitt eksterne virke med ambisjonar om å setja agenda, ha gode innleiingar og brei og sentral politisk deltaking som gjer det attraktivt for medlemmane å delta, samt skapa gode arenaer for debatt og relasjonsbygging.

Årskonferansen «Fjordvegen: frå stamveg til sterk stamme» samt årsmøtet 13. april vart lagt til Myrkdalen Hotell som og er medlem. Igjen vart det auke til nesten 50 deltakarar og god pressedekning. Oppkøyringa mot revisjonen av NTP gjorde dette til høgaktuelt tema med hovudvinkling rassikring. Samspelet med Nasjonal Rassikringsgruppe er vidareført.

Reiselivstemaet Kva med Fjordveg-regionen etter opning av Ryfast 2019? vart godt presentert av destinasjonleiarar. Temaet vart så plukka opp av styret og det blei bestemt at ein eigen Dialogkonferanse skulle avhaldast same haust. Styret sette ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe som valde eit hovudfokus på Kollektivtransport i Fjordvegregionen for konferansen. I arbeidsgruppa har desse vore med: Arne Bergsvåg (leiar) og Edmund Utne (begge frå styret), Nils T. Bjørke, Noralv Distad, Hans Jørgen Andersen og Ståle Brandshaug med Hanne Sundbø som sekretær.

Dialogkonferansen Fjordveg-regionen som heilårsdestinasjon? Reiselivet i Fjordveg-regionen etter opning av Ryfast 2019 – samsnacking om utfordringar og mulegheiter vart avhalde 14. september på Hotell Ullensvang med over 40 deltakarar og med god pressedekning. Dei ferske og gode resultata sommaren 2016 frå turismeprosjektet i Møre og Romsdal (Kollektivorganet Fram saman med lokale destinasjonsselskap: bruk av fylkeskommunale kollektivløysingar sydd saman for turistar). Prosessen under sjølve konferansen resulterte i at styret og arbeidsgruppa tok opp tråden, og i dialog med Hordaland og Rogaland fylkeskommunar blir temaet vidareført i eit eige prosjekt som blir finansiert i 2017. Konferansen viste og Fjordvegen Rute 13 sin viktige og unike rolle som arenaskapar for nye og gode prosessar i næringsutvikling og samferdsel for indre vestland. Å avhalda to eigne konferansar i løpet av eitt år har vore eit stort arbeidsmessig og økonomisk løft for selskapet. Deltakaravgift er innført f.o.m. dialogkonferansen.

Medlemspleie og rekruttering: Styret vidareførte prioriteringa med dialog med nye fylkesordførarar og nye ordførarar/andre politikarar i medlemskommunane. To møte med fylkesordførarar (Anne Gine Hestetun og Jenny Følling) samt presentasjon for Vestlandsrådet og Rogaland fylkes-samferdselsutval vart avhalde tidleg i 2016.

Ny **styretur** etter den vellukka malen frå 2013 vart gjennomført langs Fjordvegen over to dagar frå sør til nord i oktober. Her møtte styremedlemmer og administrasjonen over 30 interesserte medlemsrepresentantar på sju møte.

Stavanger som nytt og viktig medlem er fokusert og særskilt møte planlagt for 2017. Rekruttering av nye næringsmedlemmer pågår løpande.

Styret sin uttale i mai med felles prioritering med tiltaksliste til revisjonen av Nasjonal transportplan fekk god mediemerksmd.

Styret og administrasjon har aktivt deltatt på eksterne arenaer og nasjonale konferansar for å fremja Fjordvegen og medlemmene sine interesser.

Selskapet har og engasjert seg aktiv i enkelte viktige vegprosjekt i påverknad og i pådrivarrolle. Prosjekt Brattlandsdalen vart fullført hausten 2016, presentert på ope folkemøte på Nesflaten og lagt fram til politisk behandling. På spørsmål frå Sandnes kommune som medlem har selskapet gitt uttale til Strategisk plan for ferjekaiar i Rogaland.

Statusrapportar frå utviklinga av Rv/Fv 13 i dei 3 fylka.

Kvart styremøte har ein eigen post der styremedlemmene oppdaterer kvarandre om kva som skjer på vegsektoren for Rv/Fv 13 i sine område. På denne måten kan styremedlemmene sjå heile Fjordvegen Rute 13 samla og kan bruka informasjonen til vidare arbeid for regionane sine egne prosjekt. Det skjer gledeleg mykje langs Rv/Fv 13 og mange planar er under arbeid. Den gule stripa et seg framover meter for meter. Saman med flinke kommunar og vegselskap, langs og i tilknytning til Rv/Fv 13, vert det tunnelar, bruer, utbetringar og rassikring.

Fjordvegen Rute 13 understrekar at selskapet vil vera ein profilert medspelar, pådrivar og reiskap for all aktivitet som betrar Rv/Fv13, men er avhengig av aktive kommunar og vegselskap og kan ikkje overta for desse

Kommentarar til rekneskapan. Vidare drift.

Rekneskapan for 2016 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger Økonomiservice og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Rekneskapan for 2016 viser at selskapet hadde medlemsinntekter på 703.400 kr og driftsutgifter på om lag 887.463 kr. og renteinntekter er på 7.070 kr. Driftsresultatet er på minus 176.993 kr. Eigenkapitalen er på 366.086 kr. pr 31.12.2016.

I samband med offensiv satsing på at det skal utviklast nye profileringsverktøy, reisa og selja selskapet inn til nye aktørar, har drifta gått i underskot for tredje år på rad. I 2016 vart det arrangert 2 konferansar, årskonferanse og reiselivskonferanse.

Det er naudsynt å halda god kontroll på økonomien slik at denne trenden ikkje vert vidareført til 2017. Overskot og underskot vert ført mot eigenkapitalen i selskapet som framleis er solid i høve selskapet sin aktivitet, men selskapet må unngå fleire år med underskot.

Diverse.

Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærenestene og profileringstenester frå Hardangerrådet iks, Jostein Eitrheim er dagleg leiar i begge selskapa i 2016.

Likestilling.


Selskapet sitt styre er 6 menn og 2 kvinner og varamedlemmene i styret er 3 menn og 3 kvinner.

Miljø.

IS Fjordvegen si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 10.03.2017


Gerd Helen Bø
Styreleiar


John Opdal
Nestleiar


Bjørn Laugaland
Styremedlem


Sigbjørn Hauge
Styremedlem


Morten Midlang
Styremedlem


Arne Bergsvåg
Styremedlem


Marthe Hammer
Styremedlem


Arnstein Menes
Styremedlem


Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

**Årsregnskap 2016
for
Fjordvegen Rute 13**

Foretaksnr. 987550341

Resultatregnskap

	Note	2016	2015
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Medlemskontingenter	3	703 400	677 500
Tilskudd		0	30 000
Sum driftsinntekter		703 400	707 500
Driftskostnader			
Annen driftskostnad	2	887 463	822 513
Sum driftskostnader		887 463	822 513
DRIFTSRESULTAT		(184 063)	(115 013)
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		7 070	9 672
Sum finansinntekter		7 070	9 672
Annen finanskostnad		0	0
NETTO FINANSPOSTER		7 070	9 672
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		(176 993)	(105 341)
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		(176 993)	(105 341)
ÅRSRESULTAT		(176 993)	(105 341)
OVERF. OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital	4	(176 993)	(105 341)
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		(176 993)	(105 341)

Balanse pr. 31.12.2016

	Note	31.12.2016	31.12.2015
EIENDELER			
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Kundefordringer			
1500 Samlekonto debitor		3 700	0
Sum Kundefordringer		3 700	0
Sum fordringer		3 700	0
Bankinnskudd, kontanter o.l.		399 979	574 337
SUM OMLØPSMIDLER		403 679	574 337
SUM EIENDELER		403 679	574 337
 EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	4	366 086	543 079
Sum opptjent egenkapital		366 086	543 079
SUM EGENKAPITAL		366 086	543 079
 GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		2 593	1 258
Annen kortsiktig gjeld		35 000	30 000
SUM KORTSIKTIG GJELD		37 593	31 258
SUM GJELD		37 593	31 258
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		403 679	574 337

Kinsarvik 10.03.2017

 John Opdal nestleiar	 Gerd Helen Bø styreleiar	 Morten Midlang styremedlem	 Bjørn Laugaland styremedlem
 Arne Bergsvåg styremedlem	 Marthe Hammer styremedlem	 Arstein Menes styremedlem	 Jostein Eitrheim dagleg leiar

Noter 2016

Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De unntaksregler som gjelder for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt i regnskapsprinsipper.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter siste dag i regnskapsåret, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi (Laveste verdis prinsipp).

Anleggsmidler og langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk for virksomheten. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler føres opp i balansen og avskrives over driftsmidlets forventede økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som forventes ikke å være av forbigående art. Nedskrivninger blir reversert når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger finnes å være til stede.

Inntektsføring

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

Note 1 - Generelt

Fjordvegen Rute 13 har ikke erverv til formål og driver ikke økonomisk virksomhet. Fjordvegen Rute 13 er derfor fritatt for skatteplikt og det er ikke beregnet skattekostnad i årsregnskapet.

Noter 2016

Note 2 - Annen driftskostnad

4500 - FREMMEDYTELSER OG UNDERENTREPRISE	24 740	109 920
6300 - LEIE LOKALER	53 375	47 190
6550 - DRIFTSMATERIALER		
6551 - DATA		
6700 - REVISJONS- OG REGNS.HONORAR	19 337	18 459
6705 - REVISJONSHONORAR	5 000	5 000
6790 - ANDRE FREMMEDE TJENESTER	384 004	340 648
6791 - HONORAR TIL HARDANGERRÅDET	180 000	180 000
6860 - MØTER,KURS	164 689	76 996
7140 - REISEKOSTN.IKKE OPPGAVEPLIKTIG	42 679	32 817
7320 - REKLAMEKOSTNADER	3 836	3 751
7420 - GAVER FRADRAGSBERETTIGEDE	7710	6 292
7710 - STYRE-OG BEDRIFTSFORSAMLINGSM.		
7770 - BANK-OG KORTGEBYRER	2091	1 440
7790 - ANDRE KOSTNADER	0	0
SUM DRIFTSKOSTNADER	887 463	822 513

Note 3 - Inntekter

Medlemmer:

Fjordvegen Rute 13 er en interesseorganisasjon med varierende medlemstall. Pr 31.12.2016 hadde organisasjonen følgende medlemmer:

- | | | | |
|--|---------------------------|--------------------------|-----------------------------|
| - Hardangerrådet IKS | - Stavanger Kommune | - Suldal Næringsforening | - Hotel Ullensvang |
| - Suldal Kommune | - Ullensvang Herad | - Rogaland Fylkeskommune | - Ullensvang Næringsforum |
| - Myrkdalen Fjellandsby | - Vik Kommune | - Vik Næringssamskipnad | - Marine Harvest Region Sør |
| - Felleskjøpet Rogaland | - Hordaland Fylkeskommune | - Sandnes Kommune | - Blix Hotell |
| - Stiftelsen Preikestolen | - Ryfylke IKS | - Hjelmeland Kommune | |
| - Sogn og Fjordane fylkeskommune | - Strand Kommune | - Eidfjord Kommune | |
| | - Odda Kommune | - Balestrand Kommune | |
| - Næringsforeningen i Stavanger-regionen | - Voss Kommune | - Hardangerbrua | |
| - Ulvik Herad | - Sauda Kommune | - Folgefonntunnelen | |

Noter 2016

Note 4 - Overføringer annen egenkapital

	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr 1.1.	543 079	543 079
Anvendt til årsresultat	-176 993	-176 993
Pr 31.12.	366 086	366 086



HANDLINGSPLAN 2018-2020

FJORDVEGEN RUTE 13 SITT FØREMÅL:

1. Å arbeida for utbygging av fylkesveg/riksveg 13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord.

HANDLINGSPLANEN stettar hovudmåla for 3-årsperioden:

- Fjordvegen Rute 13 skal verta den viktigaste reiskapen for regionar, kommunar og verksemdar til å skaffa midlar til fullverdig vegstandard med gul stripe på Riksveg/Fylkesveg 13.
- Fjordvegen Rute 13 skal målretta støtte reiselivet i Fjordveg-regionen for auka konkurransekraft.

1. PROFILERING:

Intern og ekstern profilering og marknadsføring

Legitimiteten og effekten av selskapet er avhengig av kjennskap til og eigarskapen til selskapet sitt arbeide.

Selskapet skal spissa bodskapen sin og vera tydelege på kva føremoner medlemmer vil få av å nytta selskapet. Næringsutvikling i Fjordveg-regionen skal fokuserast.

TEMA

1.1. Medlemspleie. Selskapet har som mål å ha direkte kontakt med alle kommunestyra og alle næringsforeiningar minst ein gong pr valperiode. Dette for å orientera og inspirera til aktivt arbeid for Fjordveg-regionen, og å bruka Fjordvegen Rute 13 som samarbeidsorgan for sine veginitiativ.

1.2. Informasjons- og dialogkanalar:

Oppdatert nettside. Nettsida www.fjordvegen.no - ei god informasjonsside. Sidene vert vidareutvikla og jamnleg oppdatert. Lenker til alle medlemmer og næringsfokus blir vidareført.

Facebookprofil – skapa merksemd og vera open yringsarena. Profilen vert oppdatert med nytt frå media om Rv/Fv 13 og eigne medlemmer samt selskapet sitt eige arbeide fleire gongar pr månad og er koplå tydeleg mot nettsida.

Medlemsskrivet Fjordvegdrøsen – ny versjon kjem ut med jamne mellomrom minst 3 gongar/år. Det profesjonelle epostverktøyet skal og brukast til informasjon og invitasjonar utover medlemmar.

Ny versjon av foldaren 2017, næringsfokus i innhald. Målretta distribusjon for ein perioden på inntil tre år.

Media vert orienterte i samband med konferansar, viktige møte og uttalar og elles med mål å påverka og gjera Fjordvegen Rute 13 godt synleg.

1.3. Årskonferansen skal fremja selskapet sitt hovudføremål, skapa brei arena for debatt om aktuelle tema, bidra til målretta nettverksbygging, rekruttering og god ekstern og intern profilering. Dagskonferansen har deltakaravgift og sirkulerer mellom regionane.

2. PÅVERKNAD:

Øva trykk på kontinuerleg utvikling av tiltak langs Rv/Fv13.

Gjennomslag hos løyvande myndigheiter er avhengig av god informasjon, truverdige nettverk og pågåande arbeid.

- 2.1. Samarbeid med vegstyresmaktene.** Systematisk kontakt og nettverksbygging. Eiga oppfølging i høve turistveg-kontoret.
- 2.2. Støtta kommunar og regionar** i deira aktuelle vegtiltak langs Rv/Fv 13 og øva påverknad i samarbeid med dei. Utvikle kontaktnett på relevante nivå
- 2.3. Fylkeskommunane** som aktive medlemmer og strategiske alliansar.
- 2.4. Ta initiativ** til møte med sentrale styresmakter i enkeltsaker.
- 2.5.** Støtta reiselivsmedlemmer i arbeidet for vegbasert heilårsreiseliv, reiseruteutvikling og satsinga på Nasjonale turistvegar. Utvikla strategisk nettverk i grensesnittet samferdsel – reiseliv.
- 2.6. Betre kunnskapsgrunnlag for politisk påverknad.** Fremja faglege utgreiingar o.a. som gir betre argument-base og merksemd rundt Fjordvegen. Prosjekt Brattlandsdalen 2016-17.
- 2.7. Reiselivet i Fjordvegregionen etter opning av Ryfast 2019:** Eige prosjekt utvikla frå Dialogkonferansen hausten 2016 i regi av Fjordvegen og Hordaland og Rogaland fylkeskommunar (Travel with the locals/ Saumlause reiser i Fjordvegregionen.) Oppstart og finansiering frå 2017. Mål om synleg resultat innan 2019.

3. MEDLEMSSKAP

Fleire medlemmer.

Arbeida kontinuerleg for å tilfredsstilla medlemmene sine samferdselsmessige behov knytt til Rute 13.

Arbeida for at alle kommunane, alle næringsforeiningar og stadig fleire enkeltbedrifter langs og rundt Rute 13 vert medlem i perioden.

Den 3-årige Handlingplanen vert følgt opp av to årleg reviderte tiltaksplanar: Tiltaksplan for påverknadsarbeide og Tiltaksplan for profilering og samarbeide.

3 årig Langtidsbudsjett 2018-2020 for Fjordvegen Rute 13

Driftsinntekter:		2018	2019	2020
Medlemskontingentar	Kommunar	390 000	390 000	390 000
	Andre offentlege	66 150	66 150	66 150
	Næringsforeiningar	44 100	44 100	44 100
	Fylkeskommunar	255 000	255 000	255 000
	<u>Bedrifter</u>	<u>22 050</u>	<u>22 050</u>	<u>22 050</u>
Sum inntekter		777 300	777 300	777 300
Kostnader				
	PM løn m Sos kost	374 850	374 850	374 850
	PM drift	99 225	99 225	99 225
	Prosjektkostnader	50 100	48 997	47 840
	Styret Årsmøtet	33 075	33 075	33 075
	<u>Hardangerrådet</u>	<u>198 000</u>	<u>198 000</u>	<u>198 000</u>
	<u>Rekneskap/revisjon</u>	<u>22 050</u>	<u>23 153</u>	<u>24 310</u>
Sum kostnader		777 300	777 300	777 300



Vedtekter for Fjordvegen Rute 13

Vedtekne på Årsmøtet 06.06.2013

1. Selskapet sitt namn.

Selskapet sitt namn er Fjordvegen Rute 13.

2. Selskapet sitt forretningskontor.

Selskapet sitt forretningskontor er i Ullensvang herad.

3. Selskapet sitt føremål.

Selskapet sitt føremål er:

1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord.

4. Medlemmer

Medlemmer i selskapet er fylkeskommunar, kommunar, interkommunale selskap, vegselskap, næringsorganisasjonar, verksemder og andre føretak som har interesse i selskapet sitt føremål.

5. Årsmøtet.

Fjordvegen Rute 13 sitt øvste organ er årsmøtet som skal avhaldast innan utgongen av juni kvart år. Årsmøtet skal kallast inn med minst 2 vekers varsel, og skal handsama følgjane saker:

- Årsmelding og rekneskap
- Val av 5 av 8 styremedlemer for 2 år om gongen. Valet vert organisert slik at det høvesvis er 2 og 3 på val annakvart år.
- Val av 3 varamedlemer i nummerrekkefølge for 1 år om gongen.
- Val av leiar og nestleiar for 1 år om gongen.
- Fastsetja kontingent for påfølgjande år.
- Vedta treårig handlingsplan og langtidsbudsjett med rullering for kvart år.
- Vedta eventuelle vedtektsendingar, jfr. par.9.
- Val av valnemnd.
- Andre saker som er innsende av medlemmer innan 4 veker før årsmøtet og handsama av styret.

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane oppnemner sjølv kvart sitt styremedlem med personleg varamedlem for 4 år om gongen som følgjer valperioden for val til fylkesting.

Årsmøtet vert leia av styreleiar. Om denne ikkje er til stades vel årsmøtet sjølv møteleiar.

Alle vedtak på årsmøtet vert avgjort med vanleg fleirtal, dersom desse vedtektene ikkje seier noko anna. Alle røyster tel likt som vert gitt ved frammøte eller ved fullmakt.

6. Styret

Selskapet sitt styre skal ha 8 medlemmer med varamedlemer vald slik det går fram av paragraf 5 i desse vedtektene.

Styret har ansvar for den daglege drifta av selskapet, som m.a. inneber:

- Gjennomføra dei planar som årsmøtet fastset
- Syta for at selskapet vert organisert med dagleg leiing og sekretariat
- Fastsetja detaljert årsbudsjet
- Gje uttaler på vegne av organisasjonen
- Førebu og handsama alle saker som skal leggjast fram for årsmøtet
- Kalla inn til ekstraordinært årsmøte når styret finn det nødvendig, eller dersom 1/3 av medlemmene krev det.
- Andre saker som følgjer av styret sitt ansvar.

Styret er vedtaksført når 4 eller fleire medlemmer er tilstades.

Styret vert kalla saman til møte når styreleiar finn dette naudsynt eller når minst 3 av styremedlemene krev det.

Alle saker vert avgjort ved vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap avgjer møteleiar si dobbelrøyst.

7. Forvaltning av selskapet

Styret representerer selskapet eksternt. Styreleiar teiknar for selskapet. Selskapet kan ikkje ta opp lån.

8. Kontingent

Vert betalt forskotsvis for 1 år om gongen. Utmelding av selskapet med bindande verknad for kontingentbetaling må vera gjort minst 1 år før det kalenderåret utmeldinga skal tre i kraft.

9. Vedtektsendring og oppløysing.

Vedtektsendring på årsmøtet krev 2/3 fleirtal av gjevne røyster enten frå den som er til stades på årsmøtet eller ved fullmakt.

Årsmøtet kan etter lovleg innkalling løysa opp selskapet med $\frac{3}{4}$ fleirtal, jfr. 1. punktum i denne paragrafen.

Årsmøtet avgjer kva eventuelle unyttige midlar skal brukast til.

Valnemda sitt arbeid til Årsmøte 2017 Fjordvegen Rute 13.

Valnemda : Marta Finden Halset Leiar, Hans Erik Ringkjøb og Torkjel Myklebust .

Valnemda har ikkje hatt møter men mail utveksling.

På val i 2017: til styret er Sigbjørn Hauge, John Opedal og Bjørn Laugaland

Alle er spurde om attval.

Sigbjørn Hauge tek attval

John Opedal tek ikkje attval

Bjørn Laugaland tek ikkje attval.

Ordfører i Strand kommune Irene Heng Lauvsnes har takka ja til valnemda sitt forslag om å gå inn i styret.

Einar Lutro har takka ja til valnemda sitt forslag om å gå inn i styret.

Valnemda sitt forslag til nye styremedlemer er då: Einar Lutro, Irene Heng Lauvsnes og Sigbjørn Hauge.

Forslag til styreleiar 2017 er Gerd Helen Bø

Forslag til nestleiar 2017 er Sigbjørn Hauge

Vara på val i 2017: Solfrid Borge , Harald Offerdal og Edmund Utne

Alle tek attval.

Forslag frå valnemda: 1. Edmund Utne, 2. Solfrid Borge, 3. Harald Offerdal .

Vik i Sogn, 30.01.2017

For valnemda

Marta Finden Halset